

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Askeland, 1. juli 2015

Dykkar ref. 15/193 – 15/6801.

Klage på tildeling av fellingsløyve hjort 2015 Radøy

Me viser til dykkar brev av 16.06.2015.

Askeland vald vil klaga på årets tildeling av hjorteløyve. Me vil be om at vedtaket om 3 dyr til oss i år vert omgjort til 5 dyr.


Grunngjeving:

1. Det er meir hjort enn nokonsinne på vårt val. Me som går i marka ser dette i form av meir spor enn før og på innmarka i vår vart det mange kveldar sett flokkar på 10-12 dyr. Likeins er det på eit viltkamera nord for Askelandtjørna registrert fleire dyr enn tidlegare frå ettervinteren og fram til no. I fjor skaut me kvoten på 4 dyr første veka i jakta. Etter at jakta var over hausten 2014 såg me fleire dyr enn me vanligvis ser på denne tida av året, så tendensen til fleire dyr på vårt vald såg me allereie i fjor haust. Me trur at grunnen til auken kan vera skogfelling både nord og sør for valdet, medan vårt vald vert meir og meir skogkledd, spesielt med lauvtre.
2. På «hjortemøte» på Manger tidlegare i år vart det tilrådd å redusera kvotane med 10%. Kvoten til Askeland vald er redusert med 25%, noko me finn svært urimeleg.
3. Når ein tar total areal for alle vald (96432 daa) og deler det på tal tildelte løyver for 2015 (190 dyr) så vert det 507 daa pr. dyr. Askeland vald har 2650 daa og skulle soleis hatt 5,2 dyr, som me avrundar til 5 dyr.
4. Når me ser på kva andre vald (som det er naturleg å samanlikna seg med) er tildelt finn me årets tildeling til oss endå meir urimeleg. Det er vald med 1700 daa som har 4 dyr, vald med 2300 daa som har 5 dyr og vald med 2500 daa som har 6 dyr. Askeland vald har som nevnt 2650 daa.
5. Askeland vald hadde 100% avskyting i fjor, 80% i 2013 og 100% i 2012. Dette er vesentlig høgare avskyting enn Radøy kommune sett under eitt, og høgare avskyting enn dei fleste andre vald i kommunen.

På denne bakgrunn vil Askeland vald klaga på vedtaket om tildeling av fellingsløyve på 3 dyr for 2015. Me ber om fellingsløyve på 5 dyr for 2015.

Med helsing


Arne Askeland
Valdleiar


Jostein Skråmestø
Jaktleiar